

Fire syngjande sokneprestar i innhaldsrik nyttårskonsert.

05.01.2017



Kyrkjekoret Nordsang opnar konserten. Her under julekonserten.

Aktive Eva Megyesi er klar med ein ny konsert. Denne gongen er det nyttårskonsert i Uskedal kyrkje mandag 16.januar kl.19. I eit program med mange dyktige solistar satsar ho på å få med alle 4 sokneprestane i kommunen som songsolistar. Dei er alle dyktige songarar som har opptredd kvar for seg, men det er første gongen alle er i programmet på same konserten.



[Kulturskulerektor Kirill Zimin opptrer for første gang i Uskedalen. Her under jubileumskonserten i kulturskolen.](#)

På programmet er to kor, 4 songsolistar og 5 instrumentsolistar som inkluderer Eva Megyesi sjølv. Eit svært spennande program som vil gje ein variert og flott konsert. Korsangen syt det nye kyrkjekoret Nordsang og Rosendal songlag for. Eva Megyesi dirigerer begge desse kora, og ho lovar flotte nummer frå begge.

At alle sokneprestane i ein kommune opptrer som songsolistar i ein konsert, må høyra til sjeldanhetene, men så er då også prestane vi har her i kommunen for tida kjende for gode songrøyser. At Eva samlar dei på ein og same konsert, er eit blinktreff. Det vert også god spennvidde i framføringane; - frå salmar til musicalstykke.



[Sokneprest Reidar Ådnanes skal framføra Om eg var ein rikmann frå Spelemann på taket.](#)

Blant instrumentsolistane er Kristine Hestad(fløyte), Liv Signe B. Ulvestadbakken(trompet) og Eva Megyesi(orgel) er godt kjende for publikum frå før, medan Kirill Zimin(klarinett/saksofon) og Runa Isene(fiolin) opptrer i Uskedalen for første gang. Begge har flytta til kommunen dei siste åra og er svært betydelege tilvekstar i det kvinnherske musikklivet. Kirill som opphavelg er frå Russland, hadde godt over 10 år bak seg her i landet då han flytta hit som ny rektor i kulturskulen sist haust. Han er ein svært dyktig klarinettist og saksofonist, noko som dei som var på jubileumskonserten til kulturskulen fekk oppleve. På konserten vil han spela både saksofon og klarinett, og vi vil få høyre både klassisk musikk og lettare jazznummer.

Runa Isene har ein imponerende og intensjonale bakgrunn som fiolinist, både når det gjeld utdanning og som utøvar. Ho flytta hit til kommunen hausten 15 då ho byrja som språklærer på KVV. Det er lettare å kombinera rolla som småbarnsmor med å vera lærar enn musikar. Eg har hatt glede av å høyra det vakre fiolinspelet hennar under ein konsert tidlegare, og no kan vi for første gong få oppleve det i Uskedal kyrkje. I den kyrkja er ho derimot godt kjend. Frå oppstarten i haust har ho nemleg stilt på øving som sopran i kyrkjekoret Nordsang kvar mandag.



Dyktige musikarar: Kristine Hestad(f.v.), Eva Megyesi og Runa Isene etter ein konsert i Valen kyrkje.

Det er ikkje mogeleg å skriva om denne konserten utan å nemna Eva Megyesi spesielt. Ho er arrangør med alt arbeid det medfører. Ho akkompagnerer 4 songsolistar, 4 instrumentsolistar og er solist sjølv. På toppen av alt dirigerer ho begge kora som er med. Dette kunne ta pusten frå nokon kvar, men gubba for eit bidrag den dama er for musikklivet i Kvinnherad! Vi som publikummarar har mykje å takka henne for!!

Tekst og nett: Thor Inge Døssland.

Arkivfoto: Hans Ordin Østebø, Kristian Bringedal og Thor Inge Døssland